



Framstilling av aktsomheitsvurderingar i samsvar med Åpenheitslova

2022

Myklebust Verft AS



MYKLEBUST

Innhald

- 1. Om Myklebust**
- 2. Rapportering i samsvar med Åpenheitslova**
- 3. Rutinar og retningslinjer**
- 4. Aktsomheitsvurdering**
- 5. Identifisering av risiko**
- 6. Oppsummering og vidare arbeid**

Myklebust Verft AS har gjennomført aktsomheitsvurderinger i samsvar med paragraf 4 i Lov om virksomheters openheit og arbeid med grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (Åpenhetsloven). Styret og administrasjon anerkjenner at ein er ansvarleg for å sikre at grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold vert respektert i alle våre arbeidsområdet og i heile verdikjeda.



Per-Christian Kroepelien Lillebø
Styreleiar



Leiv Sindre Muren
Dagleg leiar

Om Myklebust

Selskapet sin aktivitet er nybygging, ombygging, reparasjon og vedlikehald av skip. Myklebust Verft AS er 100 % eigd av Myklebust Verft Invest AS og driv aktiviteten sin i Gursken i Sande kommune. Selskapet har i 2022 utført arbeid på nybygg og større ombyggingar, i tillegg til generell ettermarknad med reperasjon og klassingsarbeid. I alt var 22 fartøy innom verftet, herav 14 dokksetjingar. Selskapet har i 2022 i gjennomsnitt sysselsett 146 årsverk. Dette er ein oppgang i gjennomsnittleg sysselsetting frå 142 i 2021. Lærlingar er eit satsingsområde for Myklebust Verft og pr. 31.12.2022 hadde bedrifta 6 lærlingar eller TAF-elevar under opplæring.



Ordresituasjonen:

Selskapet opererer for tida i ettermarknaden med ein kortare ordrehorisont. Verftet har i 2022 inngått fleire ettermarknadskontraktar som vert gjennomført i 2023. Selskapet




driver kombinasjon av nybygging og ettermarknadstenester, og er godt posisjonerte med ei flytedokk som er stor nok til å dokksetje dei aller fleste typar offshoreskip.

Rapportering i tråd med Aktsomheitslova


Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (Åpenheitslova) tredde i kraft 1.juli 2022. Myklebust har over lengre tid arbeida med feltet for å både oppfylle krava i det nye lovverket og utvikle arbeidet vårt på dette feltet.

Denne rapporten kjem først å fremst til å ta for seg paragraf 4, «Plikt til å utføre akt somhetsvurderinger», og paragraf 5, «Plikt til å redegjøre for akt somhetsvurderinger». Når det gjeld akt somhetsvurderingar skal dette gjennomførast i tråd med «OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper».



Modellen nedanfor viser ei oversikt over dei seks stega i akt somhetsvurderinga. Som figuren viser, vil dette arbeidet vere ein kontinuerlig prosess der ein ikkje kan konkludere eller seie seg ferdig. Endringar i verdikjeda, val av underleverandørar, krav frå kundar og endra rammevilkår vil føre til eit kontinuerlig behov for å kartlegge og vurdere aspekta i Åpenheitslova.

Nedanfor vil vi gå meir inn på korleis Myklebust arbeidar rundt dette og i kva områder vi har implementert aspekt av Åpenheitslova og rammeverket rundt.



Rutiner og rettningslinjer

Myklebust arbeider med menneskerettigheter og ansvarlege arbeidsforhold på fleire områder:

- Strategidokument
- HMSK program
- Berekraftsrapport
- Code of conduct
- Rammeavtaler og leverandøravtalar

Det er igangsatt eit større arbeid for å oppdatere alle prosedyrer og rettningslinjer i henhold til Åpenheitslova. Spesielt Code of conduct og rammeavtalar/leverandøravtalar må framover ta høgde for krava i Åpenheitslova. Ein har her starta på arbeidet og regnar med å vere i mål med dette innan utgongen av 2023.



Aktsomheitsvurderingar

Myklebust har arbeidd med aktsomheitsvurderingar i tråd med OECD sine rettningslinjer. Hovudmålet er å kartlegge, forebygge, gjere rede for og følgje opp korleis Myklebust handterar faktiske og potensielle negative konsekvensar av våre operasjonar. Det er her viktig å annerkjenne at ein ikkje ser på risiko i den tradisjonelle varianten, altså for virksomheita sjølv. I aktsomheitsvurderingar ser ein på risiko for negativ påverking på menneskerettigheter og arbeidsforhold. Vi ser altså hovudsakeleg på korleis Myklebust si drift påverkar mennesker, både i og utanfor organisasjonen.

Det første steget i aktsomheitsvurdering var å forankre arbeidet i organisasjonen og med styret. Det vart utarbeida retningslinjer for vurderingane, og ansvaret for arbeidet vart lagt på HR- og organisasjonssjef. Det vart deretter satt saman ei arbeidsgruppe med representantar frå relevante område, som innkjøp, skrog, operasjon og økonomi.

Ein tok i arbeidet med aktsomheitsvurderingar utgangspunkt i ei total leverandørliste frå 2022. Denne viste totalt antall leverandørar på 576 stk i løpet av 2022. Ein tok

deretter ei overordna risikovurdering av alle leverandørar med ei total leveranse i løpet av året på meir enn NOK 300 000. Dette utgjorde ei liste på 151 stk underleverandørar. Den overordna risikovurderinga vurderte deretter:

- Størrelse på kjøp/varighet
- Land
- Type leverandør

Ut i frå den overordna risikovurderinga endte en på ei liste på 32 leverandørar som ein vurderte som høg risiko på grunn av type leverandør. Vi definerte spesifikt bransjane «Utleige av arbeidskraft» og «Innredning- og installasjonsarbeid utført på skip» som høg risiko. I tillegg vart ein leverandør vurdert til høg risiko på grunn av kombinasjon av land og størrelse på kjøp. Dette resulterte i to fokusområder der vi ønska å gjennomføre ei meir utfyllande risikovurdering, sette opp risikoreduserande tiltak og følgje opp at desse vart gjennomført.

Dei utvida risikovurderingane for disse 33 leverandørane resulterte ikkje i direkte funn. Ein har likevel innført risikoreduserande tiltak i organisasjonen, og vi vil nedanfor kome meir inn på arbeidet vårt med dei to fokusområda.

Identifisering av risiko

Gjennom innleiande risikovurderingar endte ein opp med to fokusområder for vidare vurdering og meir utfyllande gjennomgangar:

Risiko 1: Innleige av personal eller vekksetting av arbeid:

Myklebust leiger inn personale og sett vekk arbeid til underleverandørar i stor grad. Det har på andre verft vore avdekka grove brudd på arbeids- og lønnsvilkår i slike samarbeidsformer. Dei tilsette frå underleverandørar er ofte frå andre land som for eksempel Polen, Romania, Litauen, osv. Dei tilsette har begrensa kjennskap til lover og reglar i Norge.

Potensiell negativ risiko:

- Sosial dumping / dårlege lønns- og arbeidsvilkår
- Boligforhold
- Helse og sikkerheit

- Diskriminering
- Korruption

Evaluering av risiko:

Høg risiko og høg mogelegheit for å påvirke

Riskoreduserande tiltak:

Det vert gjennomført hyppige stikkprøver på lønns- og arbeidsvilkår for tilsette som er innleidt til verftet eller arbeidar hjå ein underleverandør. Dette foregår ved at ein tek kontroll på 3 – 4 tilfeldig utvalgte tilsette, og ber om innsyn i kontrakter, lønnsslippar og timelister. Ved eventuelle avvik sett ein inn korrektive tiltak og dokumenterer disse.


Risiko 2: Kjøp av skrog frå utland:

Myklebust kjøper skrog frå utlandet, dei siste åra frå Tyrkia. Det er ikkje signert nye skrogkontrakter på noverande tidspunkt, men dette vil vere eit aktuelt risikoområde for framtida. Skroginnkjøp var også det største enkeltinnkjøpet i 2022. Som grafen nedanfor viser har både Polen og Tyrkia utfordringar innanfor menneskerettigheter. Tyrkia er i tillegg på lista over høyrisikoland frå Financial Action Task Force (FATF), på grunn av manglende gjennomføring av tilfredsstillande og effektive tiltak for å bekjempe hvitvasking og terrorfinansiering.

Distribution of human rights index, 2022



Based on the expert assessments and index by V-Dem. It captures the extent to which people are free from government torture, political killings, and forced labor; they have property rights; and enjoy the freedoms of movement, religion, expression, and association. The variable ranges from 0 to 1 (most rights).



Source: OWID based on V-Dem (v13)

OurWorldInData.org/human-rights • CC BY

► 1789

2022

CHART

TABLE

SOURCES

DOWNLOAD



Related: The 'Varieties of Democracy' data: how do researchers measure human rights? ↗

Kjelde: <https://ourworldindata.org/human-rights>

Potensiell negativ risiko:

- Korruption
- Tvangsarbeid
- Menneskehandel
- Barnearbeid
- Levelønn
- Diskriminering og behandling av minoriteter
- Helse og sikkerheit

Evaluering av risiko:

Høg risiko og begrensa mogelegheit til å påvirke

Risikoreduserande tiltak:

I vurderingane av ny skogleverandør vil Myklebust arbeide aktivt med å undersøke og avdekke eventuelle avvik rundt grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Vi har tatt i bruk ekstern audit av potensielle skrogverft, og bedt dei ha spesielt fokus på risikoområda nevnt ovanfor. I tillegg vil det ved ny kontraktinngåelse bli gjennomført tettare oppfølging og løpende kontrollar av representantar frå Myklebust.

Oppsummering og vidare arbeid

Som ein ser i arbeidet ovanfor har Myklebust valt eit antall fokusområder og underleverandørar gjennom dei innledande risikovurderingane. Dette har vore hjelsomt for å kunne fokusere arbeidet der vi meinat at det vil ha meir effekt, samtidig som ein bukar ressurser på å bygge opp eit system og retningslinjer for aktsomheitsvureringar som heile organisasjonen kan ta del av.

Dette arbeidet vil vere ein kontinuerlig prosess, og vi vil framover utvide risikovurderingane våre og gjennomføre meir omfattande screeningar av fleire leverandrar. Målet er at Myklebust, med tydlege retningslinjer og eit godt arbeid på dette området, kan vere med på å forebygge og avdekke brudd på grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.